



Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/14071 - 23/67393

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
30.08.2023

## Vedtak til klagevurdering - mellombels dispensasjon gangveg gbnr 479/21 Tjore nedre

**Tiltak:** anlegging av gangsti, møteplass  
**Byggjestad:** Gbnr: 479/21  
**Tiltakshavar:** Bolig & Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS

Saka gjeld søknad om endring av etablert mellombels natursti/gangsti innafor det regulerte området for Austmarka øvre. Stien skal sikra trygg skuleveg i påvente av at reguleringsplanen vert endeleg realisert og stien vert etablert permanent i tråd med reguleringsplanen.

Stien er godkjend etablert i politisk vedtak 061/2015, arkivsak 15/570 i Radøy, datert 30.09.15, men er ikkje etablert i samsvar med vedtaket. Stien har ei lengd på om lag 100 meter og med fire meter breidde, har grusdekke og går til gangbru over FV565.

Søknaden er knytt til godkjend oppføring av tomannsbustad på gbnr 479/21, der etablering av gangsti er sett som rekkefølgekrav, jf. politisk vedtak i PLT i sak 061/2015.

Søknaden er å forstå som ei endring av det godkjende tiltaket, og omfattar søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen sine føremål i traseen og byggjegrense mot fylkesveg 565.

### Planstatus

Eigedommen ligg innanfor området som er omfatta av reguleringsplanen for Austmarka øvre – detaljplan bustad og næring samt infrastruktur, planid 1260-2021000100. Traseen råkar areal avsett til byggeområde for bustadar BF6, køyreveg f\_KV9veg, o\_SV8, annan veggrunn o\_SVG16, fortau o\_SF10, FT5, gangveg O\_G6, friområde f\_GF1.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå føremål: friområde f\_GF1, frå annet veggrunn grøntareal o\_SVG16 og byggjegrense mot fylkesveg i reguleringsplanen når det gjeld plassering.

### Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjonen den 28.08.23, der følgjande vedtak vart fatta:

## VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-3, 12-4 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå planføremål friområde f\_GF1, frå annett veggrunn grøntareal o SVG16 og frå regulert byggjegrænse mot fylkesveg 565 for oppføring av mellombels gangveg på gbnr 479/102 med fleire. Dispensasjon er gjeve på følgjande vilkår:

1. Mellombels gangveg skal tilbakeførast til opphavleg terreng ved evt. påbegynt byggjeaktivitet i samsvar med reguleringsplanen for Austmarka øvre.
2. Breidde på gangveg skal reduserast til 3 meter slik at køyring ble forhindra.


Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve eitt-trinns løyve for oppføring av mellombels gangveg på følgjande vilkår:

3. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 23.09.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
4. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Dokumentasjon på at breidde på veg er redusert til maks. 3 meter.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

## Situasjonsplan og plankart



## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post [larissa.dahl2alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl2alver.kommune.no) eller på telefon 56171423.

## Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Mellombels dispensasjon og byggjeløyve til etablering av gangveg - gbnr 479/102, 21 m. fl. Tjore nedre

G-1 Gjennomføringsplan

G-2 Ansvarsrett UTF grunnarbeid

G-3 Ansvarsrett pro grunnarbeid

D-1 situasjonsplan med formål

D-2 situasjonsplan

E-1 lengdeprofil

D-1 situasjonsplan

E-1 lengdeprofil

Ettersendte tilleggsopplysninger ved gbnr 479/21 Tjore nedre

Q-1 Erklæring gbnr. 479\_102

Q-2 sit plan gangsti ing. Taule AS

F-1 Redegjørelse tilleggsopplysninger

Søknad om løyve til tiltak - eitt trinn - GBNR 479/21 Tjore nedre

Søknadsskjema

Dispensasjon B-1

Nabovarsel C-1

Nabovarsel C-2

Følgeskriv F-1

**Kopi til:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN

Bolig & Eiendom AS

Kvernhusmyrane 29

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen